

MØTEBOK

Møtedato: 09.11.2015

Møtetid:

Kl. 10:00 – 12:15

Møtestad: Heradshuset

Saknr.:

011/15 - 017/15

Desse medlemmene møtte:	Frå
Olav Moritsgård	Dei eldre
Maria Lundestad	Dei eldre
Hans Myklebust	Dei eldre
Olav Felde	Dei eldre
Egil Holme	Dei eldre
Arnar Kvernevik	Ap

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedl. møtte	Frå
Arnfinn Brekke	Krf	Ingen	

Ugilde	Sak	§ i forv.lova	Følgjande varamedl. møtte


Møteleiar:	Olav Moritsgård
Frå adm. møtte:	– Sekretær Beate O. Kornberg – Helse- og omsorgssjef Anita Lothe
Utlevert i møtet:	
Orientering:	Sjå sak 13/15!
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:

Olav Moritsgård

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel
011/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/15	Val av leiar og nestleiar i eldrerådet for perioden 2015-2019
013/15	Referat og orienteringssaker
014/15	Orientering om arbeidet med velferdsteknologi i Gloppen kommune
015/15	Kommunalt frisklivs-, lærings- og meistringstilbod
016/15	Mandat - utgreie og planlegge nytt omsorgsbygg
017/15	Årsbudsjettet for 2016



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	09.11.2015	011/15

Avgjerd av: Eldrerådet Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 15/1418-1
--	-------------------------------------	----------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen ber om godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 9. november 2015.

09.11.2015 ELDRERÅDET

011/15 VEDTAK:

Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 9. november 2015.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	09.11.2015	012/15

Avgjerd av: Eldrerådet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 033	15/862-22

Val av leiar og nestleiar i eldrerådet for perioden 2015-2019

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Etter eldrerådet sitt reglement skal leiar og nestleiar i rådet veljast mellom dei eldre sine representantar i rådet, og det er rådet sjølv som vel desse.

Det betyr at desse er valbare:

- Olav Moritsgård
- Maria Lundestad
- Hans Myklebust
- Olav Felde
- Egil Holme.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eldrerådet vel som leiar i rådet for perioden 2015-2019. Som nestleiar blir valt.....


09.11.2015 ELDRERÅDET

012/15 VEDTAK:

Eldrerådet vel Olav Moritsgård som leiar i rådet for perioden 2015-2019. Som nestleiar blir valt Maria Lundestad.

Eldrerådet ber om at MULTEK-utvalet vel leiaren som sitt medlem i eldrerådet, med nestleiar som vara.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	09.11.2015	013/15

Avgjerd av: Eldrerådet	Arkiv: 033	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt:	15/1417

Referat og orienteringssaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	15/6926	X	03.06.2015	Arne Eikenes	Oppfriskingskurs - Bilfører 65+

Orienteringssaker:

- Presentasjon av det nye eldrerådet og ny sekretær for eldrerådet
- Presentasjon av helse- og omsorgssektoren
 - o v/helse- og omsorgssjefen

Ordet fritt...

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:


Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

09.11.2015 ELDRERÅDET

Eldrerådet ønskjer ei orientering om næringsjefen sitt arbeid.

013/15 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	09.11.2015	014/15
Helse- og omsorgsutvalet	10.11.2015	034/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	014/15

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: 233 F00	Arkivsaknr.: 14/708-33
--	---	----------------------------------

Orientering om arbeidet med velferdsteknologi i Gloppen kommune

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

I 2014 fekk Gloppen kommune tildelt fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til arbeid med velferdsteknologi i Gloppen kommune. Av ulike årsaker hadde ein ikkje den framdrifta i prosjektet som var planlagt. Helse- og omsorgssjef søkte difor hausten 2014 om å få overføre midlane kr 160 000 til 2015. Dette for å få tid til å planlegge og gjennomføre dei aktivitetane som var planlagt. Det vart også gjort nokre endringar i forhold til dei planlagde aktivitetane i søknaden.

Søknaden vart innvilga og vi er no i gang med arbeidet i kommunen. I tillegg er også Gloppen kommune med i arbeidsgruppa i det fylkesdekkande prosjektet «Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane». Vi har delt våre erfaringar frå det arbeidet vi har gjort så langt i prosjektet med fleire kommunar som har etterspurt dette. Prosjektet velferdsteknologi i Sogn og Fjordane arrangerer også samling for alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Generelt kan ein seie at ein arbeider med å utvikle tenestene i helse og omsorg i Gloppen Kommune for å møte framtidens utfordringar. Noko av det vi arbeider med og har plan om å arbeide med er:

- Velferdsteknologi – prosjekt som går til februar 2016. Ein vil i tillegg søkje om ytterlegare tilskot for å kunne arbeide vidare med dette som i dag.
- Kvardagsrehabilitering – er implementert som ei ordinær teneste i heimetenestene i kommunen.
- Frisklivssentral – var etablert i 2012. Utviklar stadig tilboda sine og ein opplever aukande etterspurnad etter tilboda.
- Fallførebyggande treningsgrupper – er drifta av eininga fysio- og ergoterapitenesta.
- Bustad-tilrettelegging – kontinuerlig utvikling som hovedsakleg er drifta av eininga fysio- og ergoterapitenesta. I tillegg har ein tverr-sektoriell bustadgruppe som vurderer dei større sakene.
- Utvikling av korttid- og rehabiliteringsavdeling, med fokus også på øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunen(KAD). Ein starta opp med KAD-plassane 01.12.2014 på Gloppen omsorgssenter 1. etg.
- Førebyggande heimebesøk - politisk vedtak om å vurdere metoden. Vi mottok tilskot i august 2015 og er no i gang med å planlegge utprøving.

- Frivillige yt stor innsats og leverer gode bidrag i dag – vi ynskjer å vere ein samarbeidspart for frivillegsentralen, frivillige lag og organisasjonar og frivillige enkelt-personar. Vi samarbeider no om prosjektet «seniortreff».
- Utviklingsarbeid for tenester til barn og unge i Gloppen kommune. Det vert arbeidd tverr-sektorielt for å utvikle tenestene til barn og unge i kommunen.

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er en fellesbetegnelse på tekniske installasjonar og løysingar som kan bidra til:

- auka tryggleik, sikkerhet, sosial deltaking, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet
- å styrke den enkelte si evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne
- teknologisk støtte til pårørande
- forbedre tilgjengelighet, ressursutnytting og kvalitet på tenestetilbodet
- forebygge behov for tenester eller innleggelse i institusjon (NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg).

Gjennom prosjektet velferdsteknologi har vi ulike aktivitetar på ulike områder. Tanken med prosjektet er å kome i gong med arbeidet og gjere satsinga kjent. Satsinga på teknologi i lag med fleire av dei andre områda/tenestene som er beskrevet ovanfor krev motivasjons-arbeid og holdningsendring i forhold til korleis ein skal tenkje om framtidens omsorg. Under vert dei ulike aktivitetane omtalt:

- Vi har rekruttert ein medarbeidar internt i kommunen til å arbeide med dette i ei deltidstilling. Vedkommande skal drive prosjektet i lag med helse- og omsorgssjef, einingsleiarar og tilsette.
- Oversikt over aktuelle hjelpemiddel/utstyr og teknologiske løysingar. Vi har utarbeidd oversikt over aktuelle hjelpemiddel/utstyr og teknologiske løysingar som er aktuelle å prøve ut. Dette er ei liste som skal fungere som ein oversikt over hjelpemiddel som ein bør vurdere hjå den enkelte pasient. Ulike hjelpemiddel kan forenkle kvardagen, bidra til ein meir aktiv kvardag, auke tryggleiken / sikkerheten for den enkelte. Noko av utstyret og hjelpemidla kan søkjast om via hjelpemiddelsentralen. Søknader til hjelpemiddelsentralen må grunngjevast ut i frå funksjonssvikt i forhold til daglege aktivitetar. Noko utstyr og hjelpemiddel må kjøpast privat. Dette er til dels diagnose-avhengig.
- Opparbeide kompetanse på velferdsteknologi blant kommunen sine tilsette. Ein er i gong med eit internundervisningsopplegg om velferdsteknologi. Dette er tenkt å skulle gje ei generell forståing av kva velferdsteknologi er. I tillegg vil ein ha fokus på ein del hjelpemiddel og teknologiske løysingar som kan takast i bruk i pasientens heim i dag, utan behov for store omleggingar. Kjennskap til desse blandt dei tilsette er viktig for å motivere pasientane til å ta dei ulike løysingane i bruk. Ved å ta i bruk ulike hjelpemiddel og teknologiske løysingar tidleg kan ein førebygge ytterlegare hjelpebehov og skape trygge og sjølvstendige pasientar. Det kan også bidra til å utsette eit framtidig hjelpebehov. Kanskje kan tryggings-besøk i nokre tilfeller erstattast av hjelpe-middel. Det handlar om tidleg innsats og førebyggande tenking både blandt dei tilsette og pasientane. Gloppen kommune er også spurt om å vere med å pilotere eit opplæringsopplegg, velferdsteknologiens ABC, som er utarbeidd av det nasjonale velferdsteknologi-programmet i regi av helsedirektoratet.

- Nettbrett i heimetenestene.
Ein er i gang med arbeidet med å ta i bruk nettbrett i heimetenestene. Dette gjev tilgang på pasient-journal når ein er ute hos pasient og kan bidra til å sikre kvaliteten på tenestene og effektivisere arbeidet. Ein vil arbeide vidare for at dette vert tatt i bruk og nytta som planlagt.
- Informasjon ut til innbyggerane.
Vi vil informere ut til innbyggerane i kommunen om satsinga på velferdsteknologi. Vi skal også presentere hjelpemiddel og teknologiske løysingar som er tilgjengelege i kommunen for innbyggjarar og brukarar. Vi inviterer oss ut på ulike tilstelningar og til lokale lag og organisasjonar for å informere om velferdsteknologi-satsinga, dei ulike løysingane som eksisterer, kva vurderingar som bør gjerast og korleis ein kan skaffe seg hjelpemiddel og teknologiske løysingar .
- Demonstrasjon av ulike hjelpemiddel/utstyr og teknologiske løysingar.
Vi vil arbeide med å få på plass ein form for demonstrasjonsarena i kommunen. Vi har laga presentasjon på informasjons-skjermene til Gloppen kommune. Desse skjermene finn ein på heradshuset, legesenteret og i trivselshallen.
- Samarbeid med lokal bedrifter i arbeidet med velferdsteknologi.
Vi har hatt møter med lokale bedrifter som formidlar ulike hjelpemiddel/utstyr og teknologiske løysingar. Dei har mykje kunnskap om teknologiske løysingar og kan bistå innbyggerane med råd til gode løysingar. Dei sel ulike produkt og kan montere både enkle og meir avanserte løysingar i heimane til innbyggerane i kommunen.
- Vi ynskjer å arrangere folkemøte for å opplyse om velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og tenking om tidleg intervensjon. Her ynskjer vi også å samarbeide politisk leing og med ulike leverandørar, legar, fysioterapeutar, ergoterapeutar og andre som er viktige i dette arbeidet.
- Utprøving av elektroniske medisinerings-dosettar.
Vi har kjøpt inn nokre medisin-dosettar som vi ynskjer å prøve ut for å gjere oss erfaringar med denne typen hjelpemiddel. Dette kan bidra til at pasientane vert meir sjølvstendige i fht å administrere eigen medisin, rett dosering til rett tid. Den gjev påminning om å ta medisinen og kan varsle dersom medisinen ikkje vert tatt ut av dosetten. Vi skal prøve ut desse i prosjekt-perioden for å få erfaringar.
- Motiview - trimsykkel
Vi arbeider for å få kjøpt inn ein Motiview - trimsykkel med tilhøyrande film på Oreteigen. Motiview er eit motivasjonsverktøy som stimulerer eldre og andre til økt fysisk aktivitet. Ved hjelp av levande film og lyd kan pasientane reise på sykkelstur i kjende omgjevnader. Denne aktiviteten kan gje helsegevinstar som betre mobilitet, auka matlyst, betre søvn, trivsel m.m. Det er gode erfaringar frå andre kommunar med Motiview - trimsykkel rundt om i landet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:


Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

09.11.2015 ELDRERÅDET

014/15 VEDTAK:

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	09.11.2015	015/15
Helse- og omsorgsutvalet	10.11.2015	033/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	015/15

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: G01	Arkivsaknr.: 13/1141-13
--	-------------------------------------	-----------------------------------

Kommunalt frisklivs-, lærings- og meistringstilbod

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Gloppen kommune er tildelt prosjektmidlar og startar opp lærings- og meistringstilbod til pasientar med diabetes type 2. Tilbodet er eit prosjekt og vert gjeve i regi av frisklivssentralen.

Det er i inngått rammeavtale mellom Helse Førde og Gloppen kommune bestemt at det skal utarbeidast delavtalar m.a. på området lærings- og meistringstilbod. Det er også klare føringar frå nasjonalt hold på at kommunane har fokus på denne typen aktivitetar i samarbeid med ulike instansar.

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i tildelte prosjektmidlar, planlegg vi oppstart av lærings- og meistringstilbod til pasientar med diabetes type 2. Tilbodet skal ligge til frisklivssentralen. Lærings- og meistringstilbodet inkluderer kunnskapsformidling og kunnskapsdialog, sosial støtte, samt undervisning i praktiske ferdigheter. Tilbodet skal primært gjennomførast i grupper, eventuelt individuelt dersom behov. Tilbodet skal utviklast og utførast i samarbeid med fagpersonar med ulik fagbakgrunn og brukarrepresentantar som delar sine erfaringar og kunnskap.

Eitt av måla med prosjektet er å nå fleire brukarar ved å lokalisere tilbodet i nærmiljøet. Dette skal bidra til varig livsstilsending gjennom å auke kunnskapen og å knytte brukarane til eksisterande tilbod i frisklivssentralen som bra-mat-kurs og ulike treningsgrupper.

Lærings- og meistringstilbodet skal inngå som ein del av det heilskapelege pasientforløpet for pasientar med langvarig, kronisk sjukdom og deira pårørande. I etablerings-, gjennomførings- og evalueringsfasen vil vi ha god hjelp i fagsamlingar i nettverk for læring og meistring, Helse Vest og nettressurssen meistring.no (nasjonal kompetansetjeneste for læring og meistring innan helse (NK LMS)).

I arbeidet vil vi følgje NK LMS sin standard metode som mal for utvikling av tilbodet. Samtidig som vi tilpassar tilbodet til lokale behov (brukarane sine behov/ynskje og tilgang på fagpersonar). Brukarane sine perspektiv på behov/erfaringar og kunnskapar skal takast omsyn til i heile prosessen. Fagpersonane skal dele fagkunnskap og erfaringar, sikre kvaliteten på det faglege innhaldet og utøve gruppeleing. Denne samarbeidsprosessen er grunnleggande i

eit lærings- og meistringstilbod. Planlegging, gjennomføring og evaluering er sentralt for å utvikle gode, kvalitetssikra tilbod.

Målet med tilbodet er å gjere brukarane best mogeleg rusta til å ta hand om eigen sjukdom på best mogeleg måte og å bidra til å auke kunnskapen om diabetes sjukdomen og det som verkar inn på denne. Kunnskapen skal delast av både fagpersonar og andre i same situasjon. Vi ynskjer å skape ein felles møteplass der ein møter andre i same situasjon.

Pasientane skal primært verte tilviste frå fastlegen, men det skal vere eit lågterskel-tilbod, og pasientane kan også ta direkte kontakt med LMS tilbodet. Då kan vi eventuelt be om tilvisning frå lege i ettertid. Målgruppa er pasientar med nyoppdaga diabetes type 2, pasientar som har hatt sjukdomen i lengre tid og deira pårørande. Det første kurset er gratis då det er ein prosjektperiode. Ein planlegg oppstart av første kurset i november. I fyrste omgang er det eit kurs à 2 timar x 4 pr. halvår.

Målet med prosjektet er å gjere seg erfaringar med denne typen tilbod. Ein vil gjennom evaluering av prosjektet gjere seg opp tankar om eventuell vidareføring av tilbodet, utviding til andre grupper med andre kroniske lidingar og ei eventuell organisering av framtidig tilbod.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen, då prosjektet er finansiert gjennom tilskot.

Rådmannen si vurdering:

Det er positivt for Gloppen kommune og innbyggjarane i kommunen å få prøve ut denne typen tilbod i kommunen. Dette er ei klar satsing i nasjonale føringar der fokus er tidleg intervensjon, tilbod nærast mogleg der folk bur og hjelp til sjølvhjelp.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:


Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

09.11.2015 ELDRERÅDET

015/15 VEDTAK:

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	09.11.2015	016/15
Helse- og omsorgsutvalet	10.11.2015	035/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	016/15

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Anita Lothe	Arkiv: 614 G00	15/1371-1

Mandat - utgreie og planlegge nytt omsorgsbygg

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

På grunnlag av den demografiske utviklinga i Gloppen kommune og noverande behov for omsorgsbustader er det ynskjeleg å utgreie bygging av nytt omsorgsbygg.

Saksutgreiing:

For å kome i gang med arbeidet med å planlegge nytt omsorgsbygg gjer rådmannen forslag om at helse- og omsorgsutvalet opprettar ei arbeidsgruppe som består av både politisk leiing, representantar frå råd og administrasjon.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Det er sett av planleggingsmidlar på 2015-budsjettet til arbeidet. Desse blir overførte til 2016-budsjettet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Helse- og omsorgsutvalet viser til rådmannen si saksutgreiing og vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe som består av representantar frå politisk leiing, kommunale råd og frå administrasjonen i Gloppen kommune.

Helse- og omsorgsutvalet ber om å få utgreia behovet for type bustader med tilhøyrande fasilitetar, tal bustader og lokalisering av nytt omsorgsbygg. Helse- og omsorgsutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak om dette i løpet av januar/februar i 2016.

Dette arbeidet vert sett i samanheng med arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan.


Gruppa vert samansett slik: ...

09.11.2015 ELDRERÅDET

016/15 VEDTAK:

Eldrerådet er samd i tilrådinga og vel Olav Moritsgård som sitt medlem i arbeidsgruppa.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	09.11.2015	017/15
Helse- og omsorgsutvalet	10.11.2015	037/15
MULTEK-utvalet	10.11.2015	007/15
Oppvekstutvalet	10.11.2015	028/15
Formannskapet	11.11.2015	131/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	017/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 145	Arkivsaknr.: 15/890-16
---	-------------------------------------	----------------------------------

Årsbudsjettet for 2016

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
258803 Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 og økonomiplan fram til 2019

Bakgrunn for saka:

Rådmannen presenterte sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 for kommunestyret den 2. november i år. Budsjettet inneheld også ein avkorta økonomiplan fram til 2019. Rådmannen legg opp til å behandle økonomiplanen i vårhalvåret.

Det er formannskapet som kjem med framlegg til kommunestyret om årsbudsjett for neste år. Som vanleg er det lagt opp til at råda og hovudutvala kjem med uttale til budsjettframlegget før formannskapet gjer vedtak om utlegging til offentleg gjennomsyn.

Saksutgreiing:

Rådmannen skriv dette i samandraget i budsjettdokumentet:

Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 blir lagt fram litt for tidleg, i den forstand at rådmannen skulle hatt litt betre tid på framlegget. Gloppen kommune er omtala som ein av vinnarane i statsbudsjettet for 2016. Rådmannen har likevel ikkje greidd å få til eit budsjettframlegg i reell balanse. For å balansere budsjettet er det lagt inn bruk av disposisjonsfondet med 3,8 millionar. Dette burde ha vore unngått, sjølv om storleiken på bruken av fondet er bortimot halvert i forhold til den vedtekte økonomiplanen for 2016.

Det er oppvekstsektoren som aukar «for mykje», og årsaka er meir spesialundervisning i grunnskulen og dyrare barnehagedrift – også dette på grunn av barn med spesielle behov.

Rådmannen vil arbeide vidare med årsbudsjettet for 2016 utover våren med sikte på å unngå bruk av disposisjonsfondet i revidert budsjett.

Frå og med neste år ønskjer rådmannen å legge fram økonomiplanen til sommarferien. Økonomiplanen som no blir presentert er derfor ikkje gjennomarbeidd. Investeringsbudsjettet inneheld ikkje tal etter 2016.

Framlegget til 2016-investeringar vart også noko høgt. Ei viktig årsak til dette er at rådmannen ikkje har greidd å bremse hardt nok opp i påvente av ferdigstilling av ungdomsskulen.

Samla er det lagt opp til eit investeringsprogram på over 90 millionar. 22 av desse kjem på ungdomsskulen. Ytterlegare 25 mill. av programmet er investeringar innanfor avgiftsområda, kjøp/bygging av bustader til vanskelegstilte og Husbanklån til vidare utlån. Dette er tiltak som ikkje vil belaste drifta av kommunen. Vel 65,5 mill. av budsjettert låneopptak i 2016 vil belaste drifta med renter og avdrag frå 2017.

Rådmannen legg ikkje fram konkrete framlegg til nye «skuletiltak» i denne planen. Før utbygging og opprusting av skulebygga i Hyen, på Sandane og Nordstranda blir bestemt, bør ein ny skulebruksplan utarbeidast. Rådmannen meiner oppvekstutvalet bør sette i gang dette planarbeidet med ein gong.

Gloppestasjonane

Oppfølginga av kommunestyret sitt vedtak om overføring av Gloppenstasjonane til Gloppen Energi AS blir ein del av 2016-budsjettet. Dette skal gjennomførast:

- Kommunen sitt lån til Gloppen Energi AS på 60,1 millionar skal omgjerast til aksjekapital
- Kommunen sitt tilgodehavane på ikkje-betalte renter på lånet, på om lag 17 millionar, skal omgjerast til aksjekapital
- Kommunen skal løyse ut restverdien på stasjonane til SFE Produksjon AS for om lag 27 mill. Til dette skal det takast opp eit kommunalt lån, som Gloppen Energi AS skal betale renter og avdrag på i form av utbytte til kommunen
- Kommunen skal ha tilbake aksjane i SFE som Gloppen Energi AS tok over ved etablering av selskapet, og ha utbytte på desse f.o.m. 2016.

Desse transaksjonane vil «blåse opp» investeringsbudsjettet vesentleg.

I utvalsbehandlinga vil sektorleiarane gå nærare gjennom utvala sine budsjettområde.

Budsjettframlegget inneheld ikkje vesentlege endringar i kommunale prisar og gebyr frå 2015 til 2016 utover lønns- og prisauke. Heftet med prisar og gebyr er ikkje heilt ferdig til første utvalsbehandling.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Dette er ikkje eit aktuelt punkt i denne saka.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen sine vurderingar går fram av budsjettdokumentet.

Rådmannen kjem ikkje med tilråding i saka i fasen av budsjettarbeidet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

.....

09.11.2015 ELDRERÅDET

Saka vart drøfta.

017/15 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.